



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7073 - 23/49903

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
23.06.2023

Oversender nye opplysningar til klage i høve vedtak frå departementet - gbnr 428/127 Kvalheim nedre

Det vert vist til skriv frå Statsforvaltaren i Vestland av 24.05.2023 og Kommunal- og distriktdepartementet sitt vedtak av 16.05.2023.

Departement har den 16.05.2023 oppheva Statsforvaltaren sitt avvisningsvedtaket av 06.03.2023 då vilkåra for å ta klagen til handsaming er tilstades, der nabo har klagerett på gjeve ferdigattest. Departementet har ikkje tatt stilling til gyldigheita av vedtaket om ferdigattest. Klagen er oversendt frå departementet til Statsforvaltaren for fornya klagehandsaming.

I skrivet frå Statsforvaltaren av 24.05.2023, så ber Statsforvaltaren kommunen om å oversende eventuelle nye opplysningar som er relevante for det påklaga vedtaket om ferdigattest og at desse vert sendt til Statsforvaltaren innan rimeleg tid, jf. fvl. § 33 siste ledd. I skriv av 14.06.2023, så gir Statsforvaltaren tilbakemelding til partane i saken, med kopi til kommunen, om at klagesaken ikkje vert handsama innan 30.06.2023, men innan ny frist den 28.07.2023.

Kommunen si oversending til Statsforvaltaren anses å vere sendt innan rimeleg tid og før Statsforvaltaren si handsaming er ferdig, jf. fvl. § 33 siste ledd.

Kommunen viser til at det er mottatt nye opplysningar i form av digital måling frå ansvarleg søkjar v/lvar Solheim i relasjon til mur nr. 2 sin høgde, sjå e-post av 15.06.2023. Høgda i nord er målt til 17,996m som gir 17m og 99,6cm. Høgda i sør er målt til 18,010m som gir 18m og 1cm.

Med den digitale målinga, så ligg mur nr. 2 mot nord 0,4 cm lavare enn godkjent rammeløyve av 09.07.020. Med den digitale målinga, så ligg mur nr. 2 mot sør 1cm høgare enn godkjent rammeløyve av 09.07.2020.


Å bygge 0,4 cm lågare mot nord og 1 cm høgare mot sør enn godkjent mur nr. 2 i gjeve rammeløyve av 09.07.2020 er ikkje ansett å vere eit avvik, då det vil vere innanfor tolegrense for plassering av mur nr. 2 med +/- 20 cm i vertikalplanet.

For øvrig saksutgreiing for klage på ferdigattest for mur 1 og 2 viser vi til vårt saksframlegg til Utval for areal, plan og miljø (APM) med vedlegg av 18.01.2023.

Kommunen har med vedtak av 18.01.2023 og saknr. 009/23 gitt nabo, Terje Oseberg Askeland, klagerett på gjeve ferdigattest for to av tre støttemurar til einebustad (mur 1 og mur 2), som part i saka. Kommunen tok ikkje klagen til følge.

Kommunen presiserer at mur 3 er ikkje omsøkt og ikkje gjeve ferdigattest. Mur 3 er difor ikkje ein del av klagen på ferdigattest, sjå vårt saksframlegg av 18.01.2023 under saksopplysningar.

Vidare er det mottatt e-poster og korrespondanse frå partane som ikkje er nye opplysningar i saka. Desse er vedlagt noverande skriv for å få saka så godt opplyst som mogleg, jf. fvl. §17.



Utsnitt av vedtak frå rammeløyve av 07.09.2020 for mr 1 og mur 2:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for oppføring av mur på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 28.02.20 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.
3. Det vert krevd uavhengig kontroll av prosjektering for konstruksjonstryggleik for tiltaket, jf. pbl §24-1.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Innmålingsdata for mur - gbnr 428/127 Kvalheim nedre

Innmåling mur 2

Ny frist 28.07.23 - Klage på ferdigattest for forstøtningsmur - gbnr 428/127 Kvalheim Nedre

Kommentar til departementets skriv til statsforvalteren i Vestland - gbnr 428/127 Kvalheim nedre

Vedlegg 1

Vedlegg 2

Merknad til brev frå statsforvalter og Kommunal- og Distriktsdepartementet - gbnr 428/127 Kvalheim nedre

Førebels svar - gbnr 428/127 Kvalheim Nedre - oppføring av forstøtningsmur

Departementets vedtak - klage på Statsforvalteren i Vestland sitt avvisningsvedtak - gbnr. 428/127 Kvalheim nedre

Viser til e-post av 15.03.2023 - Innmålingsdata for mur - gbnr 428/127 Kvalheim nedre

Svar om vidare saksgang - gbnr 428127 Kvalheim nedre(686211)

Kopi til:

Byggraad AS	Fleslandsvegen 235A	5258	BLOMSTERDALEN
Knut Asle Geitle	Eikåsneset 22 C	5131	NYBORG
Terje Oseberg Askeland	Myrdalsvegen 42 E	5130	NYBORG

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
-----------------------------	--------------	------	-----------